

# ABRAHAM BERNHARD MAHLER

Abraham var elev på Volda Handelsgymnas i 1942. Skulen var ein forlaupar til Volda VGS. Han kom frå Trondheim og budde på hybel hos Anna og Johan Strand på Røysbakken i Volda. Abraham skulle ta 2-årig Handelsgymnas på eitt år. Han var født 9. juni 1920 i Trondheim og familien hans budde der.

Den 31. oktober vart Abraham arrestert av politiet heime på hybelen sin. Han visste at dei skulle kome og venta på å verte arrestert. Abraham vart sett i arrest i kjellaren på sin eigen skule. Elevane og lærerane var i fyrstninga rådlause, men dei fekk etter kvart summa seg og tok ei avgjerd på at dei ønskte å gi Abraham ein bibel. Slik fekk klassestyraren møte Abraham i cella og gitt han bibelen. Fleire meinte at Abraham burde røme, og freista få han til å gjere det, men han ville ikkje fordi han var redd for kva som kunne hende med resten av familien i Trondheim. Abraham var ved godt mot og meinte han kunne vere tilbake til eksamen.

Slik skulle det ikkje gå. Han vart fyrst sendt til Ålesund og arresten der før han vart sendt til Berg interneringsleir ved Tønsberg. Her kom han saman att med resten av den mannlege delen av familien sin. På Berg var dei i om lag ein månad før dei klokka 5 om morgonen den 26. november 1942 vart stua saman i jernbanevogner, sendt inn til Oslo og skyssa om bord i S/S «Donau». Skipet tok dei vidare til Tyskland.

Abraham og dei fleste av dei norske jødane vart sendt vidare til Auschwitz, dit dei kom den 30. november 1942. Kvinner, born og eldre vart gassa i hel med ein gong dei var framme. Mange av dei andre norske jødane døydde tidleg i fangenskapet. Dei var ikkje mentalt budde på den enorme brutaliteten og dei umenneskelege forholda som tyske utryddingstroppar utsette dei for.

Ein reknar det som truleg at Abraham døydde allereie innan den fyrste månaden han kom til Auschwitz, altså i desember 1942.

Vi lyser fred over Abraham Bernhard Mahler sitt minne.

i

---

<sup>i</sup> Romsdals Sogelags Årsskrift 1990